



FJALER KOMMUNE
Dalstunet 20
6963 DALE I SUNNFJORD

Kontakt saksbehandlar

Erik Thomsen, 51568879

Klageavgjerd – dispensasjon frå reguleringsplan og samtykke til å auke rotordiameter på vindkraftverk og fylling i sjø – Fjaler kommune

Det vart klaga på kommunen sitt vedtak om dispensasjon frå reguleringsplan for Lutelandet vindkraftverk og samtykke til å auke rotordiameter og fylling i sjø for å bygge veg.

Statsforvaltaren stadfestar kommunen sitt vedtak.

Statsforvaltaren viser til sending dagsett 14.9.2020 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet der Statsforvaltaren i Rogaland vert oppnemnd som settestatsforvaltar til å handsama og avgjere saka. Statsforvaltaren beklagar at handsaminga av saka har tatt lang tid.

Bakgrunn for saka

Saka gjeld klage på Fjaler kommunen sitt vedtak i sak FOR-025/20 den 5.3.2020 kor det blei gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for Luteland vindpark. Vedtaket lyder:

«1) Det vert gjeve dispensasjon frå § 7.1.1 i føresegnene til reguleringsplan for Lutelandet energipark, vedteken 25.10.2011, slik at det kan nyttast vindturbinar med rotordiameter på maksimalt 150 meter i samsvar med godkjende konsesjonsendringar og godkjent MTA-plan etter energilova for Lutelandet energipark og for maksimalt 9 turbinar.

2) Det vert gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for Lutelandet energipark, vedteken 25.10.2011, for nødvendig fylling i sjø og i samsvar med godkjend MTA-plan etter energilova for Lutelandet energipark. Ved fylling i sjø skal det nyttast siltduk for å hindre partikkelforureining.

Formannskapet i Fjaler er kjend med at MTA-planen er påklaga av Fylkesmannen i Vestland. Utfallet av klagehandsaminga på den godkjende MTA-planen vil bli avgjerande for vidare utbygging av vindkraft på Lutelandet.



Dispensasjonen vert gjeve på vilkår om at Lutelandet Energipark AS gjennomfører sikringstiltak med omsyn til støy og skuggekast for å sikre at Lutelandet industriområde kan utviklast og driftast i samsvar med gjeldande detaljreguleringsplan for industriområdet.»

Vedtaket blei påklaga av fleire, mellom anna ei rekke grunneigarar i nærområdet. Klagarane har mellom anna gjort gjeldande at ein ikkje kan gi dispensasjon frå reguleringsplanen fordi kunnskapen om verknadene av endringane det er søkt om er mangelfullt opplyst. Endringane går utover hovudrammene i planen og planen bør då eventuelt endrast. Kommunen har ikkje heimel til å gi dispensasjon frå reguleringsplanen til tiltaka. Det er eit minstekrav at konsekvensane av endringane er undersøkte på forsvarleg vis, jf. naturmangfaldlova § 8, at verknaden av tiltaka blir synleggjort og at det eventuelt vert stilt krav om tilstrekkelege avbøtande tiltak, som til dømes stans av vindkraftverket i periodar med fugletrekk.

Kommunestyret behandla klagesaka den 18.06.2020 og halt da fast ved vedtaket den 5.3.2020.

Statsforvaltaren visar til dokumenta i saka.

Statsforvaltaren si vurdering

Statsforvaltaren legg til grunn at klagarane har klagerett og at klagen er sett fram innan klagefristen, jf. forvaltningslova (fvl.) kapittel VI og plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9. Klageinstansen kan prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye omstende. Klageinstansen skal legge stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøving av det frie skjønn, jf. fvl. § 34

Reguleringsplan for Luteland vindpark er den 25.10.2011 godkjent av kommunestyret med heimel i pbl. § 12-12. Reguleringsplanen er såleis etter pbl. § 12-4 bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Vilkåra for å kunne dispensere frå føresegn fastsett i eller i medhald av plan- og bygningslova går fram av pbl. § 19-2 andre ledd som lyder:

«Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.»

Det er på det reine at Norges vassdrags og energidirektorat (NVE) i vedtak den 28.6.2019 har godkjent konsesjonspliktige endringar, detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA-plan) for Lutelandet vindkraftverk. Vedtaket blei etter at det var påklaga av mellom anna Statsforvaltaren i Vestland stadfesta av Olje- og energidepartementet den 8.11.2020. I departementets klagevedtak blei det tatt inn følgjande vilkår.

«Konsesjonæren skal gjennomføre etterundersøkelser av trekkende fugl. Det kan pålegges bruk av radar ved gjennomføring av etterundersøkelsene. Etterundersøkelsene skal gi informasjon om hvorvidt vindkraftverket påvirker adferden til trekkende fugl og hvilke negative effekter som oppstår. Konsesjonæren skal utarbeide program for etterundersøkelser av trekkende fugl, som skal godkjennes av NVE. Godkjenning av programmet for etterundersøkelsene skal skje i samråd mellom NVE og Fylkesmannen i Vestland.»



Når det gjelder lovens vilkår for å kunne dispensere vil Statsforvaltaren vise til Ot.prp. nr. 32 (2007 - 2008) s. 243 der det i departementets merknader til føresegna i pbl. § 19-2 andre ledd går fram at vilkåra for å gje dispensasjon alltid vil være til stades når det er gjeve endeleg konsesjon etter energilovgivinga.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har seinare i brev av 2.3.2021 til Statsforvaltaren i Agder uttalt:

«Departementet viser til at særstillingen til energisaker i plan- og bygningsloven også ligger bak særmerknadene i forarbeidene til dispensasjonsbestemmelsene i Ot. Prop. nr. 32 (2007- 2008) side 243. Det foreligger således en begrunnelse for at de materielle vilkårene for å gi dispensasjon alltid vil være tilstede for tiltak det er gitt konsesjon for etter energiloven. Og det er dermed opp til kommunens skjønn (diskresjonære skjønn) om dispensasjon skal innvilges, jf. § 19-2 første ledd. Kommunen må med andre ord ha en saklig grunn for ikke å dispensere.

Det forelegger ingen konkrete krav til innholdet i en søknad om dispensasjon utover det som framgår av plan- og bygningsloven § 19-1. Kommunen må selvsagt vurdere om innholdet i søknaden er tilstrekkelig til å vurdere om den gir nok informasjon til at søknaden kan tas under vurdering. Dette vil da måtte sees i sammenheng med kravene i forvaltningsloven §§ 17, 24 og 25, og de forhold kommunens skal vurdere som utgangspunkt for det diskresjonære skjønnet iht. plan- og bygningsloven § 19-2.

Departementet har forståelse for at endring av tiltaket underveis i prosjektet, kan oppleves vanskelig å forhold seg til i forbindelse med dispensasjonssaken. Forholdet mellom konsesjon, detaljplan og miljø-, transport- og arealplan og mulighetene for endringer underveis, håndteres etter energiloven og energiforskriften og dermed av Olje- og energidepartementet.»

Statsforvaltaren i Rogaland merker seg departementets vurderingar og legg til grunn at lovens vilkår for å kunne dispensere er til stades når det gjeld dei aktuelle endringane i vindkraftanlegget på Luteland.

Klagene blir etter dette ikkje tatt til følge.

Statsforvaltaren har i det ovannemnde lagt stor vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret ved prøving av kommunens frie skjøn i dispensasjonsvurderinga, jf. fvl. § 34 andre ledd.

Vedtak:

Statsforvaltaren stadfestar kommunen sitt vedtak av 5.3.2020.

Klagene tas ikkje til følge

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast til overordna myndigheit, jf. fvl. § 28.

Lone Merethe Solheim statsforvaltar	Jan Petter Stangeland ass. avdelingsdirektør
--	---

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Erna Pettersen Vikdal
Magne Andre Aralden
Karl-Jan Erstad
Jarl Egil Haugsbø
KORSSUND HANDEL AS
Idar Vikdal
Fylkesmannen i Vestland
LUTELANDET OFFSHORE AS
Hilde Ramstad Haugsbø
Bjarte Skår
Arild Jarle Feet
Astrid Skår
Ove Myklebust
Nina Bygstad
Jan Reidar Kalstad
Atle Svein Øen
Lasse Randen
Geir Egil Nygjerde

Sognefjordvegen 140	6863	Leikanger
Parkgata 45	6813	Førde
Folkestadvegen 310	6964	Korssund
Dalsåsvegen 124	6963	Dale I Sunnfjord
	6964	KORSSUND
Sognefjordvegen 140	6863	LEIKANGER
Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Øykjetona 15	5916	ISDALSTØ
Dalsåsvegen 124	6963	Dale I Sunnfjord
Dalsåsvegen 5	6963	DALE I SUNNFJORD
Storebruvegen 28	6854	Kaupanger
Korssundvegen 284	6964	KORSSUND
Vassdalsvegen 391	6963	DALE I SUNNFJORD
Hornnes	6815	FØRDE
Falkensteinsvegen 45	6809	Førde
Gardsstølsvegen 14	6812	Førde
Grønlund 13	6863	Leikanger
Hornnesbøen 21	6809	Førde

Adresseliste: